

# MÅNADSBREV FEBRUAR 2014 BLOMANE

---

Så er januar mest over! Me har hatt ein måned med fokus på misjon. Eit av barna våre sa i ei samling at det var så godt at dei fekk læra så mykje! Og det har me! Kjekt å formidla dette temaet til barna. Me takkar for ein gild kafèdag i barnehagen. De foreldre er verkeleg gode til å stilla opp når me lager til noko. Og det er så verdifullt for barna at de òg får kjennskap til det me held på med. Me fekk inn kr. 14.270,- som skal sendast til Vest-Afrika. Tusen takk!



Fagområdet denne månaden er «Kommunikasjon, språk og tekst». Målet er at «Barna skal læra å bruka språket sitt til å uttrykkja følelsar, ynskje og erfaringar, til å løysa konflikhtar og skapa positive relasjonar i leik og anna samvær». Tema er «VÆRE SAMMEN». Me skal lesa «Sikk-sakk-bøkene» i samlingane. Det er små utbrettbøker som tek opp ulike tema som bl.a. venskap og følelsar. Me vil òg bruka løva, og la barna få uttrykka seg ved å halda løva i fanget. Evt kan dei kviskra noko bare til løva.



Onsdag 19.februar vert det **LØVEFEST** i barnehagen! Denne dagen har alle på seg pysjamas ☺. Dei barna som har fridag er velkomne frå kl. 10-12. Me skal då skriva under **Løveloven**, som dermed vert eit synleg teikn på at me har blitt ein **Løvebarnehage**.

**UTEGRUPPENE** er på litt forskjellige dagar i februar. Det er fordi me skal få gå i ishallen! Dette ser me fram til! Dei barna som har fridag den dagen er òg velkomne. Og er det nokon av dykk foreldre som har lyst til å vera med oss desse dagane, er de velkomne til det. Alle barna må ha med eigen hjelm (sykkelhjelm er ok). Skøyter kan dei ha med viss dei har. Elles kan me låna i ishallen.



Me er nå godt i gang med **FØRSKULEKLUBB**. Barna synes dette er veldig stas! Og dei er ivrige til å gjerna dei oppgåvene dei får. Sjølv om nokre kjenner dei vert litt slitne i armen! Me skal nå byrja å lesa frå boka «Den usynlege vennen» (Kari Vinje).

Me vil ha ein leikedag denne månaden. Barna har då lov å ha med seg ei leike. Me ynskjer ikkje at dei har med krigsleiker eller leiker med lyd.

**MÅNADENS HØFLIGHET** -Treng du hjelp? Kan nokon hjelpa?

Helsing Margareth, Valbjørg, Heidi, Randi, Kari og Berit.

